



Sak: 26/7969
JournalpostID: 26/39280
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 25.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.09.2026

Høring- endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

Bakgrunn for saka:

Vest politidistrikt har sendt forslag til endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane på høyring med frist 1. oktober. Bakgrunnen er mellom anna eit meir komplekst kriminalitetsbilette, endra tryggleikspolitisk situasjon, teknologisk utvikling, demografiske endringar og trongare økonomiske rammer. Politidistriktet peikar også på utfordringar med å rekruttere og halde på medarbeidarar innanfor dagens spreidde organisering.

Målet med endringane er å sikre best mogleg polititenester innanfor tilgjengelege ressursar, mellom anna gjennom større fagmiljø, meir effektiv ressursbruk og ei organisering som legg til rette for lokal tilgjenge, førebygging og beredskap.

Vest politidistrikt ber kommunane særleg om innspel til den samla tilrådinga, lokale sårbarheiter og eventuelle avbøtande tiltak, og korleis samarbeidet mellom politi og kommunar kan vidareutviklast.

Framlegg til vedtak:

Regionrådet vedtek høyringa slik den er lagt fram.

Saksopplysningar:

I førre regionrådsmøte møtte Dag Fiske frå politiet for å orientere om høyringa. Regionrådet vart då samde om at ein må svare ut på denne høyringa og at det er nokre kommunar som må særleg følgjast opp med tanke på innspel og merknadar.

Forslag til endringar:

På overordna nivå føreslår Vest politidistrikt å redusere talet på politistasjonsdistrikt frå 14 til 9, gjere sju politistasjonar om til såkalla tilpassa politistasjonar og fase ut fire politistasjonar. Dei tre geografiske driftseiningane blir føreslått vidareførte inntil vidare.

For Sogn og Fjordane er dei organisatoriske endringane relativt avgrensa. Nordfjord, Sunnfjord og Sogn politistasjonsdistrikt blir vidareførte. Den største organisatoriske endringa i vårt område er at Gloppen blir overført frå Sunnfjord til Nordfjord politistasjonsdistrikt. Nordfjord politistasjonsdistrikt vil dermed omfatte politistasjonane i Stad, Måløy, Stryn og Gloppen.

Sunnfjord politistasjonsdistrikt blir vidareført med politistasjonane Førde, Florø, Fjaler og Høyanger, medan politistasjonen i Bremanger blir vidareført som ein tilpassa politistasjon.

Ein tilpassa politistasjon skal mellom anna sikre lokal tilgjenge, synlegheit og kontakt med innbyggjarane, men vil ikkje vere ein fullverdig politistasjon med kontinuerleg bemanning eller eit breitt tenestetilbod. Opningstider og tenesteinnhald skal tilpassast lokale behov og avklarast i samarbeid med kommunen.

(Utkast) Uttale til endringar i organisasjonsstrukturen i Vest politidistrikt

Region Fjordane viser til høyring om endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt.

Region Fjordane har forståing for behovet for å utvikle organiseringa av politiet. Endringar i kriminalitetsbiletet, nye kompetansebehov, utfordringar med rekruttering og strammare økonomiske rammer krev at ressursane blir nytta på ein god og effektiv måte. Samstundes er det avgjerande at effektivisering og utvikling av større fagmiljø ikkje fører til ei sentralisering som svekkjer politinærværet og beredskapen i distrikta.

Nærvær må bety politi til stades

Vest politidistrikt legg opp til ei utvikling der nærvær i større grad skal sikrast gjennom tilpassa politistasjonar, mobile møteplassar og digitale løysingar. Region Fjordane meiner det er positivt at politiet utviklar nye og meir fleksible arbeidsformer, men vil understreke at slike løysingar ikkje kan erstatte behovet for faktisk politinærvær.

I Fjordane er avstandane store, vegnettet tidvis krevjande og fleire kommunar omfattar øyar, fjordar og område med lange reisetider. I slike område kan ikkje behovet for politi vurderast ut frå folketal og registrerte oppdrag åleine. Geografi, reisetid til næraste operative ressurs, transportmoglegheiter, responstid og lokal beredskap må vere ein sentral del av vurderinga av korleis politiressursane blir fordelte.

Region Fjordane meiner difor at Vest politidistrikt bør vere tydelegare på kva som skal liggje i omgrepet lokalt nærvær, og kva minimum av personell, tilgjenge og tenester innbyggjarane kan forvente.

Tilpassa politistasjon i Bremanger

Region Fjordane merkar seg at politistasjonen i Bremanger er føreslått vidareført som ein tilpassa politistasjon. Det er positivt at det blir lagt opp til å oppretthalde eit lokalt polititilbod. Samstundes meiner Region Fjordane at innhaldet i ordninga må konkretiserast.

I høyringsframlegget er det ikkje sett faste krav til bemanning ved ein tilpassa politistasjon. Det er heller ikkje lagt opp til fast oppmøte for patrulje, og tenestetilbodet vil vere meir avgrensa enn ved ein ordinær politistasjon. For Bremanger er det viktig at konkretiseringa av ordninga legg vekt på synleg politi i lokalsamfunnet, nærvær og førebyggjande arbeid

Skal ein tilpassa politistasjon sikre reelt lokalt nærvær, må det følgje personell og ressursar med ordninga. Region Fjordane meiner difor at det i samarbeid med Bremanger kommune må avklarast eit føreseieleg minimumsnivå for bemanning, opningstid, oppgåver og tilgjenge. Det er også viktig at politikontaktordninga blir vidareført og styrkt som eit tydeleg bindeledd mellom politiet, kommunen og lokalsamfunnet.

Solund

Solund kommune er ein del av Region Fjordane, men høyrer organisatorisk til Nordhordland politistasjonsdistrikt og er difor ikkje omfatta av den kommunespesifikke vurderinga i denne fråsegna. Region Fjordane ønskjer likevel å knyte nokre merknader til polititilbodet i Solund.

Solund er ein rein øykommune med ein særeigen geografi, der reisetid, transportmoglegheiter og avstand til operative politiressursar gir andre føresetnader for beredskap og politinærvær enn i meir sentrale område. Med fleire skipsleier og hovudlei gjennom kommunen, har Solund også felles utfordringar med dei andre kystkommunane i regionen m o t beredskap på sjø.

For Region Fjordane er det viktig at «ytterkantane» som Solund også blir sikra eit reelt og føreseieleg politinærvær. Organiseringa av polititenestene må ta omsyn til kommunen sin geografi og kor raskt operative ressursar faktisk kan vere på plass når behovet oppstår. Ei responstid på fleire timar slik praksis i dei fleste tilhøva er i dag, er ikkje haldbart og skaper utryggheit hjå innbyggjarane.

Dersom Solund skal innlemmast i eit enda større polititenesteområde, er vi uroa for at responstida vil bli enda lengre.

Ein må sikre avtalar m o t transport på sjø, både når det gjeld båttransport og ferje utanom opningstid. Dette er viktig, ikkje berre for innbyggjarane i Solund, men også for den generelle tryggleiken for andre som ferdast på sjøen i området.

Samarbeid med kommunane

Region Fjordane støttar ambisjonen om tettare samarbeid mellom politi og kommunar om førebygging og lokal beredskap. Politikontakt, politiråd og samarbeid med kommunane er viktige verkemiddel, særleg i område der politiet ikkje er kontinuerleg fysisk tilstades.

Erfaring viser at i den tida det tek før politiet kan vere på staden ved ei hending, er samhandling og kommunikasjon med andre aktørar, også kommunane, svært viktig i denne fasen. Uansett framtidig organisering, er det avgjerande at god lokalkunnskap vert verdsett og prioritert i politiet sitt arbeid.

Kommunane kjenner lokale utfordringar, geografi og sårbarheiter. Det er difor viktig at den vidare utviklinga av polititilbodet skjer i tett dialog med kommunane, og at lokale vurderingar får reell betydning for korleis ressursane blir organiserte.

Region Fjordane meiner ei framtidig organisering må finne ein god balanse mellom større fagmiljø og effektiv ressursbruk på den eine sida, og lokalkunnskap, nærvær og beredskap på den andre.

Målet må vere at innbyggjarane, uavhengig av kvar dei bur, skal kunne kjenne seg trygge på at politiet er tilgjengeleg når det trengst.

Vedlegg:

25.08.2026

Høyringsbrev – endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

1878484